




Håpskjerfet

Diagram midtparti og felling:



- = Rett på retta, vrang på vranga
- = Løft 1 m av, strikk 2 r saman, løft den første m over
- = Strikk 3 m rett saman
- = Kast
- = Løft 1m av med garnet framfor
- = Vrang på retta, rett på vranga
- = Strikk 2 rett/vrang saman slik mønsteret indikerer
- = Auk høgre
- = Auk venstre
- = Kantmasker
- = Ingen masker



Garneksempel:	HS Angel og HS Silk Mohair i lag
Garnmengde:	100 + 50 g
Pinne:	Pinne 4 mm
Strikkefastheit:	Ca. 20/10

Salget av dette går i september og oktober 2024 til inntekt til Frøken K sin innsamlingsaksjon til Rosa Sløyfe. #rååååsasamstrikk2024 Sjekk ut Frøken K på YouTube

Dette skjerfet er laga slik at du kan strikke det så stort du vil og bruke opp det garnet du har. Strikkefastheit og pinnar er ikkje så nøye, du aukar til du har ønska breidde. Veg garnet ditt, og snu når du har brukt halvparten.

Eg har brukt 100 g Angel og 50 g Silk Mohair. Mitt sjal vart ca. 40 cm breitt og 240 cm langt ferdig blokka. Då eg hadde 70 g Angel igjen og 67 m på pinnane, slutta eg å auke og fortsatte rett opp til eg hadde 40 g Angel igjen. Då bytta eg ut aukingane med felling.

Oppskrift :

Legg opp 8 m. Snu. Strikk etter diagrammet. Første omg. (oddetalsomgangar) er vranga.

Kantmaskar:

Dei 3 første og 3 siste m er kantmaskar og strikkast som I-cord som vist i diagrammet eller som forklart her:

Vranga: Rett, Løft ein m av som om den skulle strikkast vrang med garnet framfor, Rett

Retta: Løft ein m av som om den skulle strikkast vrang med garnet framfor, Rett, Løft ein m av som om den skulle strikkast vrang med garnet framfor

Auking/felling:

Eg har laga mønsteret slik at det er lett å hugse kva tid du skal auke/felle: Auk/fell på annakvar side på rettsida og på ein omg. utan holmønster.

Etter få omgongar kan du mønsteret, og det er eit fint sosialstrikk.

Når du har brukt opp halvparten av garnet ditt, eller du har strikka til halvparten av ønska lengde, bytt ut aukingar med fellingar. Sjå diagram. Om du har oppnådd ønska breidde, men vil ha skjerfet lenger, strikk gjerne eit midtparti utan auking/felling.

Diagramma viser berre delar av skjerfet, for å vise prisippet på korleis integrere mønsteret ved felling/auking.

Har du litt restar igjen til slutt, så bruk dei opp på duskar i kvar ende

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hetttestrikk, @froken_strikk og #håpskjerfet #rååååsasamstrikk24 om du vil

Elisabeth

Diagram start og auking:

